

SMØRKRINGLA CAFE AS
Sjøgata 11
9008 TROMSØ

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/219961
Dato: 30.09.2014
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



TILSYNSRAPPORT MED VARSEL OM VEDTAK - Etter tilsyn med detaljomsetning og servering av mat og drikke

Mattilsynet i region Troms og Finnmark gjennomfører hausten 2014 ein tilsynskampanje i serveringsnæringa. Formålet er å sjå på hygienen i næringa og å informera om den komande smilefjesordninga som starter i 2015. Kampanjen blir oppsummert i ein rapport som blir ferdigstilt ved årsskiftet.

Mattilsynet gjennomførte 30.09.2014 inspeksjon hos SMØRKRINGLA CAFE AS.

Frå Mattilsynet møtte seniorrådgiver Knut Sandbu og seniorinspektør Astrid Einevoll.

Daglig leder Pia Posti var med frå virksomheten.

Hovudinstrykk

Det var god orden og reint og ryddig over alt. Arbeidsrutinar og sjekklister var hengt opp på veggen. Posti seier at ho sjekker temperaturane i fryse- og kjøle-innretningane dagleg, men ho skriv ikkje ned alle avlesingane. Mattilsynet minner om at temperatur-kontrollen skal dokumenterast. Vi anbefaler og at det vert gjort manuelle temperaturkontrollar for å sikre at displayene viser korrekte verdiar. Det var to toalett som vart brukt både av kundar og personale.

Vi har difor sett det nødvendig å varsle følgjande vedtak:

Varsel om vedtak om pålegg

Virksomheten må sørge for tiltak som hindrer fare for smitteoverføring ved felles personaltoalett og kundetoalett.

Varsalet er gitt med heimel i næringsmiddelhygieneforskriften § 1 jf vedlegg II, kapittel II Særlige krav til lokaler der næringsmidler tilberedes, behandles eller foredles (med unntak av serveringsområder og de lokalene som er angitt i kapittel III)

Vi har observert:

Det var ikkje eige toalett for kjøkkenpersonalet.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Toalettrom er eit punkt der det lett kan skje overføring av smitte. Ein kan ikkje ha kontroll med kva smitte kundar kan føra med seg.

Mattilsynet ser på dette som viktig for mattryggheten og har derfor varslet vedtak med pålegg som skal vera gjennomført innan ein viss tidsfrist.

Frist for gjennomføring vil bli sett til: 15.10.2014

Sjå vedlegg til tilsynsrapport.

Med helsing

Arne Mjøs
distriktssjef

Vedlegg:
Vedlegg til tilsynsrapport
Uttalelse til varsel om vedtak

VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 forskrift om omsetning av reseptfrie legemidler § 18 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Uttalerett

Vi har i denne rapporten gitt varsel om vedtak. De har rett til å uttale dykk om innhaldet i varselet før det blir gjort vedtak. Fristen for uttale er **13.10.2014**. De har òg rett til å få rettleiing av Mattilsynet og innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 11, 18 og 19.

Gebyr ved oppfølgingstilsyn:

Dersom Mattilsynet må gjennomføre eit nytt fysisk tilsyn for å kontrollere at vedtak er etterkomme, vil det bli ilagt eit gebyr på kr 2085,-. Krav om gebyr er heimla i forskrift 22. desember 2008 nr. 1621 om offentlig kontroll med etterlevelse av regelverk om fôrvarer, næringsmidler og helse og velferd hos dyr (kontrollforskriften) § 1, jf. kontrollforordningen artikkel 28, jf. forskrift 28. januar 2004 nr. 221 om avgifter og gebyr i matforvaltningen § 15a.

Verksemda er vurdert etter følgjande regelverk

- FOR 1994-12-15 nr 1187: Forskrift 15. des. 1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgivningen (internkontrollforskriften for næringsmidler)
- FOR 1983-07-08 nr 1252: Generell forskrift 8. jul. 1983 nr. 1252 for produksjon og omsetning mv. av næringsmidler (generell forskrift for næringsmidler)
- FOR 2008-12-22 nr 1624: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1624 om særlege hygieneregler for næringsmidler av animalsk opprinnelse (animaliehygieneforskriften)
- FOR 2008-12-22 nr 1623: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1623 om næringsmiddelhygiene (næringsmiddelhygieneforskriften)
- FOR 2008-12-22 nr 1620: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1620 om allmenne prinsipper og krav i næringsmiddelregelverket (matlovsforskriften)

Vi har registrert brot på følgjande krav i regelverket:

- Næringsmiddelhygieneforskriften § 1, forordning (EF) nr. 852/2004 vedlegg II, kapittel II Særlege krav til lokaler der næringsmidler tilberedes, behandles eller foredles (med unntak av serveringsområder og de lokalene som er angitt i kapittel III)

Mattilsynet Distriktskontoret Sør-Troms
v/ Knut Sandbu
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal

Dykkar ref:
Vår ref:
Dato:
Org.nr:

UTTALE TIL VARSEL OM VEDTAK

Vi viser til varsel om vedtak frå Mattilsynet, Distriktskontoret Sør-Troms gjeve i rapport med dato 30.09.2014 og saksnummer 2014/219961 med uttalerett innan 13.10.2014.

Uttale frå: SMØRKRINGLA CAFE AS

Uttale

Her er merknader som er viktige for saka / ei skriftleg framstilling av utførte eller planlagde tiltak.

Andre opplysningar som vedkjem saka, til dømes utfylt skjema for avvikshandtering, er lagt ved.

Varsla vedtak	Frist for gjennomføring	Uttale
Virksomheten må sørge for tiltak som hindrer fare for smitteoverføring ved felles personaltoalett og kundetoalett.	15.10.2014	

Stad:
Dato:

.....
Ansvarleg for verksemda

